



Notat

Dato: 19.08.2016
Arkivsak: 2015/9320-6
Saksbehandlar: hanengu

Til:	Fylkesutvalet Miljø og samferdselsutvalet Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Frå:	Fylkesrådmannen

Referatsak - Fråsegn til avgrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sambandet Sotra - Bergen - Bergen kommune

Bergen kommune sendte 8. juni 2016 reguleringsplan for RV 555 sambandet Sotra – Bergen på ein avgrensa høyring med frist for uttale 30. juni. Bakgrunnen er at komité for miljø og byutvikling har tilrådd å vedta reguleringsplanen med ei endring som inneber at det blir utarbeidd føresegner som sikrar kollektivfelt på det nye sambandet.

I følgje Hordaland fylkeskommune sitt fullmaktsreglement er fullmakta til å gi fråsegn til høyring av reguleringsplanar lagt til planseksjonen ved regionalavdelinga. Planseksjonen har etter dialog med samferdselsavdelinga tolka endringa til å vere i tråd med vedtaket Fylkesutvalet fatta 3. desember 2015. Her ber ein om at det blir utarbeidd føresegner som sikrar kollektivfelt frå første dag det nye sambandet opnar. På denne bakgrunn vart det sendt ein administrativ fråsegn datert 9. juni 2016 der endringane vart støtta, jf. vedlagt brev.

3. juni 2016 var det eit dialogmøte hos Fylkesmannen med deltaking frå Bergen kommune, Statens vegvesen, Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune og Fjell kommune. Tema på møtet var Bergen kommune sitt ønskje om endringar i reguleringsplan for Sotrasambandet.

Statens Vegvesen ønskjer ikkje at kollektivfelt skal regulerast gjennom føresegner i reguleringsplanen, men at det skal handterast gjennom vegtrafikklova. Bakgrunnen er at dei vil ha full styringsrett på det statlege vegnettet, at det er meir fleksibelt og at kollektivfelt dermed kan innførast ved behov. I dialogmøte hos Fylkesmannen 3. juni signaliserte også Statens vegvesen at dei ikkje trur det er behov for kollektivfelt frå sambandet opnar grunna at det vil vere nok kapasitet.

I dialogen med partane har administrasjonen vektlagt at Hordaland fylkeskommune som kollektivansvarleg ønskjer at det skal bli sikra kollektivfelt på Sotrasambandet for å sikre god framkomst for bussane. Dersom ein ventar til køproblema er aukande, viser all erfaring at det er vanskeleg å få etablert kollektivfelt.

Utvikling i etterkant av høyringa

I høyringsperioden i sommar vart det gjennomført eit uformelt meklingsmøte 13. juni mellom Statens Vegvesen, Vegdirektoratet og Bergen kommune, i regi av Fylkesmannen. Hordaland fylkeskommune var

ikkje representert i dette møtet. Her vart det konkludert med at Statens Vegvesen skulle kome med eit tekstforslag som kunne takast inn i føresegnene med mål om å skape tryggleik for reell og sterk kollektivprioritering på det nye sambandet.

I si høyringsfråsegn datert 30.juni 2016 (vedlagt) kom Statens Vegvesen med forsikringar om ein prosess mellom partane (inkludert fylkeskommunen) i forkant av opninga av sambandet for å sørge for at kollektivtrafikken får god framkomst allereie ved opninga. Vidare peiker både Statens Vegvesen og Fylkesmannen på at restriktive tiltak for personbiltransporten vil vere naudsynt for å nå klima- og miljømåla.

Fylkesmannen har i samordna uttale datert 30.juni 2016 (vedlagt) konkludert at dei ikkje vil avskjere motsegna frå Statens Vegvesen og at planen ikkje kan bli vedtatt av Bergen kommune slik den ligg føre.

Byrådet i Bergen har 18. august 2016 kome med si innstilling i saka. Her blir det understreka at saka dreier seg om reell usemje om og når det skal bli etablert kollektivfelt, og at det er viktigare med føreseielege rammer for kollektivtransporten enn fleksibilitet. Byrådet legg til grunn at regulering gjennom plan- og bygningslova ville vere den beste løysinga. Dei er likevel einig i at fleksibilitet også er relevant. Vidare viser dei til at restriktive tiltak bør supplerast med positive verkemiddel.

På bakgrunn av dei forsikringar Statens vegvesen har kome med om ei særskilt prosess med partane før opninga av Sotrasambandet, har byrådet likevel innstilt på at kollektivfeltet skal handsamast etter vegtrafikklova. For å signalisere at Bergen kommune føreset ei sterk kollektivprioritering, vert det innstilt på å vedta planen slik den føreligg med unntak av følgjande endringar i føresegn § 6.3.2:

Det skal etableres kollektivfelt på ny Rv. 555 ved vedtak etter vegtrafikkloven i samsvar med godkjent fravik (brev fra Vegdirektoratet datert 20. mai 2015 saksnr. 2013/011120-176), som vist på fig.1 i saken, og i samsvar med den prosess som fremgår av Svv sitt brev til Fylkesmannen i Hordaland av 30.06. 2016.

Kollektivfeltet kan midlertidig skiltes om til sambruksfelt i forbindelse med rehabilitering av gammel Sotrabro.

Kollektivfeltet kan vurderes omgjort til kombinert kollektivfelt/tungbilfelt fra det tidspunkt ny godshavn etableres på Ågotnes.

Saka går vidare til komité for miljø- og byutvikling som innstiller til bystyret. Det vil vere eit formelt meklingsmøte mellom partane i regi av Fylkesmannen som finn stad ein gang mellom handsaminga i komiteen og bystyret.

Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune tolkar endringane byrådet føreslår til å ivareta dei vedtak som Fylkesutvalet fatta i desember 2015. Dersom Statens Vegvesen opprettheld si motsegn, bør Hordaland fylkeskommune vere ei part i meklingsmøte hos Fylkesmannen.

Framdrift

Framdrift i arbeidet med bompengesøknaden for Sotrasambandet og arbeidet med grunnverv og innløyning er avhengig av at det føreligg ein vedteken reguleringsplan. Ei motsegn frå Statens Vegvesen kan føre til at den må sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Dette kan i verste fall forseinke arbeidet med sambandet.

Dersom det føreligg motsegn til deler av planen, er det likevel ein mogelegheit å vedta dei delar av planen det ikkje er knytt motsegn til. I dette tilfellet er motsegna knytt til ei konkret føresegn i planen. Partane er einige om dei fysiske delane av planen og Bergen kommune bør kunne vedta dei delar av planen det ikkje er knytt motsegn til. I så fall kan arbeidet fortsette sjølv om spørsmålet om føresegn om kollektivfelt vert sendt til departementet for avgjerd. Ei situasjon med motsegn vil likevel kunne skape usikkerheit om framdrifta.